


# NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel:	Ein-, to- eller fleirspråkleg ordbok?	
Forfatter:	Margunn Rauset, Anna Helga Hannesdóttir & Aldís Sigurðardóttir	
Kilde:	Nordiska Studier i Lexikografi 11, 2012, s. 512-523 Rapport från Konferens om lexicografi i Norden, Lund 24.-27. maj 2011	
URL:	<a href="http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive">http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive</a>	

© Nordisk forening for lexicografi

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i lexicografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

# Ein-, to- eller fleirspråkleg ordbok?

*Margunn Rauset, Anna Helga Hannesdóttir  
& Aldís Sigurðardóttir*

This article explores possibilities and challenges that electronic media represent in a collection of three dictionaries with Icelandic as a source language and Danish, Norwegian and Swedish as target languages, i.e. the *ISLEX* dictionaries. This new medium allows dictionary users to conduct searches in many ways, both in lemmas and in equivalents. The dictionaries could therefore be considered as both bi-directional and multi-functional, but it is important to emphasize that they were not developed with this in mind. This article uses this as a point of reference to discuss whether *ISLEX* should be categorized as a mono-, bi- or multi-lingual dictionary.

*Nøkkelord:* fleirspråkleg nettordbok, komplekse brukargrupper, fleksible søkjemoglegheiter, ekvivalentlakuner, multifunksjonalitet, omsette bruksdøme og frasar

## 1. Innleiing

Denne artikkelen løftar fram ulike aspekt både ved arbeidet i tre av fire mål-språksprosjekt i det nordiske samarbeidsprosjektet *ISLEX* og ved produkta – som er gratis tilgjengelege på nettet. Artikkelen gjev ein kort presentasjon av prosjekta som inngår i *ISLEX*, teoretiske og praktiske perspektiv på mål-språksarbeidet og til slutt nokre oppsummerande konklusjonar.

## 2. *ISLEX*-prosjektet

*ISLEX* er eit fleirspråkleg, digitalt ordboksverk med islandsk som kjeldespråk og frå starten svensk, norsk (bokmål og nynorsk) og dansk som målspråk. Fire institusjonar har arbeidd med dei ulike delprosjekta sidan 2005; dette er Árni Magnússon-instituttet for islandske studiar i Reykjavík, Institutionen för svenska språket ved Göteborgs universitet, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen og Det Danske Sprog- og Litteratur-

selskab i København. I tillegg kom Fróðskaparsetur Føroya inn i prosjektet og starta det redaksjonelle arbeidet i februar 2011.

Den islandske redaksjonen har ansvar for handsaminga av kjeldespråket og den tekniske biten med utvikling av databasen og redaksjons- og brukargrensesnittet til ISLEX (jf. Jónsdóttir og Úlfarsdóttir 2008). Ordbøkene inneheld sirka 50 000 oppslagsord og tek utgangspunkt i moderne islandsk. Det blir lagt vekt på å vise eit variert utval av idiom, kollokasjonar og bruksdøme. I tillegg utnyttar ein det digitale mediet med mellom anna mange illustrasjonar og lyd, og alle lemma er utrusta med koplingar til fulle bøyingsparadigme på nettsida *Beygingarlýsing íslensks nútímamáls*, som også er utforma ved Árni Magnússon-instituttet. Kjeldespråkmaterialet er tenkt å skulle kunne fungere med kva som helst målspråk.

Målspråksredaksjonane har ansvar for kvar sitt språk. Artikkane blir utrusta med ekvivalentar, parafraserande forklaringar og omsetjingar. I november 2011 opna den første versjonen av ordboka.

### 3. Teoretiske perspektiv

Denne delen av artikkelen tek føre seg *ISLEX*-ordbøkene i eit teoretisk perspektiv: først funksjonen til ordbøkene og vidare innhaldet og statusen deira.

#### 3.1 Funksjon

Eit teoretisk grunnleggjande utgangspunkt for innhaldet og strukturen i ei ordbok er funksjonane ordboka er meint å fylle. I dei skandinaviske landa er det relativt få som lærer seg islandsk, og den islandske marknaden har heller ikkje talrike brukargrupper. Det er difor nødvendig å leggje til rette for fleire brukargrupper samstundes (Sigurðardóttir o.a. 2008: 779 f). Formålet med *ISLEX*-ordbøkene er at dei skal vere så brukbare som mogleg for så mange som mogleg: Morsmål (L1) > framandspråk (L2) for islendingar som skal produsere tekst på eit av målspråka, respektive framandspråk (L2) > morsmål (L1) for skandinav som skal avkode islandsk tekst.

Det digitale mediet gjer i tillegg at det ikkje berre er mogleg å søkje i makrostrukturen, altså dei islandske oppslagsorda. Eit søk på eit islandsk oppslagsord gjev sjølvstøtt den relevante målspråkseininga for det eller dei målspråka brukaren har valt. Søkjer ein brukar på *þorskur*, får han opp ekvivalenten *torsk*. Dessutan kan ein søkje på dei skandinaviske ekvivalentane, og ved eit fritekstsøk kan ein få tilslag på ord og ordformer i alle delar av ordboksteksten. Ved eit søk på til dømes det svenske ordet *lagom*, får ein ei liste over artikkane der *lagom* føre-

kjem som ekvivalent, det vil seie dei islandske lemma *hæfilega* og *mátulega*. Utvidar ein søket til eit fritekstsøk på *lagom*, får ein opp heile 13 artiklar der det svenske *lagom* førekjem – ikkje som ekvivalent til oppslagsordet, men der det inngår i omsetjinga av døme av ulike slag, og ein kan dermed få eit vidare bilete av ulike kontekstar ordet førekjem i.

Dette er sjølvstøtt søkjemoglegheiter som brukarane kjem til å nytte seg av. ISLEX kan dermed bli oppfatta ikkje berre som ei samling av tospråklege ordbøker, men også som ei tospråkleg, bidireksjonal og multifunksjonell ordbok: for islendingar både i produksjon og avkoding av respektive skandinaviske språk og for skandinavar både når dei skal avkode og produsere islandsk tekst. På den måten skulle alle involverte språk kunne fungere både som kjeldespråk og målspråk. Trass i at brukarane kan ha slike forventningar så lenge søkjemoglegheitene er der, har vi i arbeidet likevel vore nøydd til å i første omgang sjå islandskan som det einaste kjeldespråket og dei andre språka berre som målspråk.

### 3.2 Innhald

Presentasjonen av det islandske materialet går ut frå ein einspråkleg kjeldespråksanalyse både når det gjeld makrostrukturen og mikrostrukturen. Den einspråkleg lekseminndelinga skal kunne fungere for fleire målspråk, ikkje berre dei skandinaviske. Lemmaoppsettet er islandsk, og det er også den semantiske og strukturelle analysen som ligg til grunn for mikrostrukturen. På denne måten kan ISLEX minne om det britiske Dante-prosjektet (sjå Atkins o.a. 2010).

På kjeldespråkssida merkar ein det kontrastive perspektivet som er så sentralt i tospråkleg leksikografi, først og fremst i makrostrukturen. Det betyr mellom anna at det er teke med mange samansetjingar, til dømes er det med over 60 samansetjingar med *bill*. Ein del er gjennomslutlege morfologiske kognatar med alle dei skandinaviske ekvivalentane (som *bildekk*, *bilakaup*), medan andre, som *bilastæði* ('parkeringsplass') og *bildrusla* ('skramlekasse'), er vanskelegare å føresjå.

I mikrostrukturen kjem det kontrastive perspektivet først til syne i arbeidet i målspråksredaksjonane. På den måten kan ein snakke om ei tospråkleg ordbok mellom islandsk og det respektive målspråket. Den einspråklege kjeldespråksanalysen som målspråksredaksjonane arbeider ut frå, er naturleg nok i varierende grad tilpassa dei enskildte målspråka. Til dømes kan den semantiske analysen av islandskan frå eit målspråksperspektiv til tider resultere i ei overdriven oppdeling i ulike tydingar. Regelbundne semantiske relasjonar blir illustrerte på ein måte som ikkje alltid blir opplevde som motiverte ut frå eit enkelt målspråk, men som kan vere høgst relevante ut frå perspektivet til eit anna.

Lemmaet *hæll* kan illustrere dette. Det er delt inn i fire tydingar 1) 'hæl' (på fot) 2) 'hæl' (på sokk) og 3) 'hæl' (på sko) og 4) 'plugg' eller 'kile'. Dei tre første av desse ser ikkje heilt motiverte ut frå eit dansk og norsk perspektiv. Når det gjeld svensken, er også det tredje tydingsmomentet motivert: på svensk finn ein hæl på føter og sokkar, men ikkje på sko. Då snakkar ein om 'klack'. Den fjerde tydinga er motivert ut frå alle dei skandinaviske målspråka. Hadde *ISLEX* vore ei tradisjonell tospråkleg ordbok, hadde det kontrastive perspektivet gjort at ein kunne slått saman ulike tydingar, men her gjer formatet at alle gjer likeins.

Det som ut frå perspektivet til eitt av målspråka ser ut til å vere ein for detaljert analyse, kan vere adekvat i relasjon til eit anna målspråk. Då er det ikkje berre kjeldespråket og den kontrastive relasjonen mellom kjeldespråk og målspråk som formar mikrostrukturen i artikkelen, men også omsynet til andre målspråk. På den måten ber kvar og ei av *ISLEX*-ordbøkene preg av å ha blitt til i ein fleirspråkleg samanheng.

Også i bruksdøma og konstruksjonseksempla som det finst så mange av i kjeldespråkmaterialet, kan det einspråklege kjeldespråksperspektivet vere mindre relevant for dei ulike målspråksredaksjonane. I ei einspråkleg ordbok mynta på morsmålsbrukarar, er bruksdøma relativt uproblematisk, men dei er ikkje like enkle å handtere i ei tospråkleg ordbok. Når eit bruksdøme på eit gjeve kjeldespråk skal utformast på eit målspråk, kan det på den eine sida oppstå ein konflikt mellom ulike eigenskapar ved oppslagsordet og på den andre sida mellom oppslagsordet og bruksdømet, som det blir peika på av Hannesdóttir o.a. (2010: 141 f.):

Enligt den gängse lexikografiska traditionen är ett språkprovs viktigaste funktion att illustrera typiska drag hos uppslagsordet genom att det återges i en naturlig och representativ kontext. Det är emellertid inte givet att alla de naturliga och typiska drag som ryms i ett språkprov med enkla medel och på ett rättvisande sätt kan återges i en [målspråks]formulering. Lexikografen ställs därför inför uppgiften att prioritera bland uppslagsordets egenskaper. Valet kan stå mellan att förmedla uppslagsordets semantiska innehåll och att redovisa dess kombinatoriska, pragmatiska eller andra egenskaper.

Det kan dessutan ofte vere andre ord enn oppslagsordet som valdar problem i eit bruksdøme, og det kan drage merksemda vekk frå den illustrerande bruken av lemmaet dømet skulle ha. Eit eksempel er dei høgfrekvente islandske nemningane *frændi* og *frænka* som er vanskelege å omsetje presist til alle dei skandinaviske språka fordi vi ikkje har ei tilsvarende sekkenemning for mannlege og kvinnelege slektningar. *Amma* og *afi* er derimot berre problematiske på svensk sidan ein der alltid presiserer om ei bestemor eller ein bestefar er på mors- eller

farssida. I omsetjinga av bruksdøma blir difor leksikografen sin dugleik som omsetjar ofte sett på prøve (jf. Hellerud 2012).

### 3.3 Status

Som nemnt ovanfor, kjem dei fleksible søkjemoglegheitene til å bli utnytta, og ordbøkene kjem då til å bli brukte i samanhengar dei ikkje er konstruerte for. Eit bruksområde som ikkje inngår i konseptet, er funksjonen som fleirspråkleg ordbok. Det er ikkje noko som hindrar ein norsk brukar som vil finne ut kva noko heiter på svensk, i å bruke *ISLEX* til dette. Eit søk på den nynorske ekvivalenten *skyming* gjev fem islandske lemma: *hím*, *ljósaskipti*, *móska*, *naturhím* og *rökkur*. Går ein inn i kvar og ein av desse artiklane, kan brukaren også få tilgang til ekvivalentane på dei andre målspåka – ekvivalentar som i forlenginga også (indirekte) er ekvivalentar til det norske ordet ein har søkt på. For brukaren kan dette vere ein interessant ekstrafunksjon, men han må brukast med varsemd, for artiklane er ikkje produserte og kvalitetssikra for dette formålet.

## 4. Praktiske perspektiv

Denne delen omhandlar ulike sider ved redaksjonsarbeidet som illustrerer ein del av dei teoretiske perspektiva i avsnitt 3. Først kjem nokre døme på fakultative ledd i fleirordseiningar, deretter døme på korleis ordbøkene kjem høvesvis islandske og skandinaviske brukarar i møte og til slutt nokre døme på korleis særspåklege trekk blir handtererte med omsyn til syntaks, grammatisk kjønn og upersonlege og passive konstruksjonar.

### 4.1 Fakultativitet på kjeldespråket

*ISLEX* byr på eit stort utval av fleirordseiningar i form av bruksdøme, kollokasjonar og idiom, og alle desse blir utrusta med omsetjingar og ekvivalentar på målspåka. I presentasjonen av desse fleirordseiningane inngår ofte fakultative ledd, det vil seie ledd som må realiserast, men der det einskilde uttrykket kan varierast. For å markere slike ledd, brukar ein spissparentesar rundt det utskiftelege uttrykket. Det kan leie til konflikt mellom den einspråklege kjeldespråksanalysen og målspåka. Det er ofte ikkje heilt fri variasjon i det fakultative leddet, og der ein kan rekne med at islandsk brukar kjenner atterhalda, kan vi ikkje forvente at ein skandinavisk brukar gjer det.

**búa + til**

objekt: AKK

*búa til* <kerti>

- ■ lave <stearinlys>, støbe <stearinlys>
- ■ B lage <stearinlys>, støype <lys>
- ■ N laga <stearinlys>, støypa <lys>
- ■ tillverka <stearinljus>, stöpa <ljus>

Figur 1: Del av artikkelen *búa*. B=bokmål og N= nynorsk

Det islandske partikkelverbet *búa til* (fig. 1) betyr 'lage', 'framstille', 'stille til' (sv. 'tillverka', 'skapa', 'göra'). Objektet er vanlegvis konkret (*búa til sósu* ('lage saus')). I dette tilfellet består konflikten i at objektsrepresentanten *kerti* ('stearinlys') ikkje kollokerer med den nøytrale ekvivalenten til *búa til* på dansk, norsk og svensk ('lave'/'lage'/'tillverka'). *Lys støyper* ein, om ein ikkje snakkar om i stor skala, då blir det rettare å bruke *produsere*. Og mellom *búa til* og *produsere* er det berre ein marginell ekvivalensrelasjon: er det snakk om produksjon i stor skala, brukar ein ikkje *búa til*. Då står det mellom å gjere vald på islandsk eller målspåka (jf. Hannesdóttir o.a. 2010: 141 f.).

Ein annan variant av dei utskiftelege ledda er ein spissparentes med to fakultative ledd. Fraseologien rundt begge ledda er ikkje nødvendigvis parallelle i islandsk og dei respektive målspåka, og ofte vil ein måtte dele dei opp på målspåka. Kollokasjonen *listi yfir* <*þátttakendur; vöruúrvalið*> (fig. 2) kan realiserast på fleire måtar på alle målspåka, og det er felles at ein gjerne ville brukt ulike kollokasjonar avhengig av kva for eit av dei to orda i spissparentesen som er aktuelt.

**listi yfir** <*þátttakendur; vöruúrvalið*>

- ■ liste over <deltagerne; sortimentet>
- ■ <deltager>liste;
- ■ <vare>katalog
- ■ B liste over <deltakerne; vareutvalget>
- ■ B <deltaker>liste;
- ■ B oversikt over <vareutvalget>
- ■ N liste over <deltakarane; vareutvalet>
- ■ N <deltakar>liste;
- ■ N oversikt over <vareutvalet>
- ■ lista över <deltagarna, sortimentet>;
- ■ <deltagar>lista, <deltagar>förteckning;
- ■ <varu>katalog

Figur 2: del av artikkelen *listi*

I nokre tilfelle finst det kollokasjonar med to spisse parentesar og dermed to utskiftelege ledd:

*kunna* <þessu> <vel>  
 ■■ kunne lide <dette>, bryde sig om <dette> (især med nægtelse eller begrænsende udtryk)  
 ■■E like <dette>  
 ■■N lika <dette>  
 ■■ tycka <bra> om <det här>  
 ■■ gilla <det här>  
*hann kunni því illa hvernig hún talaði um vin hans*  
 ■■ han brød sig ikke om hvordan hun omtalte hans ven  
 ■■E han likte dårlig måten hun snakket om vennen hans på  
 ■■N han likte dårleg måten ho snakka om vennen hans på  
 ■■ han tyckte inte om hur hon talade om hans kompis, hon talade om hans vän på ett sätt som han ogillade

Figur 3: del av artikkelen *kunna*

Ein islandsk brukar vil vite kva som kan setjast inn i spissparentesen, men det vil ikkje vere like enkelt for ein skandinav. I bruksdømet under kollokasjonen får målspråksbrukaren presentert eit alternativ til begge parentesane, nemleg *því* og *illa*, og den islandske brukaren får også opplysningar om plasseringa av negasjon på dansk og svensk.

## 4.2 Metaspråk

Kva metaspråk ordbøkene inneheld, kjem til å variere. Ein brukar som går inn gjennom islex.da, .no eller .se, vil berre få opp sitt eige språk som målspråk, og går han inn gjennom islex.hi.is, får han opp dansk som målspråk. Brukaren må gjere eit aktivt val om han vil ha med fleire av målspråka. På denne måten kan *ISLEX*-brukarane sjølve vere med på å avgjere om dei ønskjer ei to- eller fleirspråkleg ordbok.

Mykje av omteksten endrar seg alt etter kva land sin portal ein går inn gjennom, men dette kan endrast ved eit tastetrykk inne på sida. Dette handlar om kva språk grammatiske termar kjem på, forskjellige diasystematiske markeringar, ulike fagområde eit ord høyrer til og så vidare. I tillegg kan ein snakke om to typar metaspråk i mikrostrukturen. På den eine sida får kjeldespråksbrukaren kommentarar til ein del av ekvivalentane på islandsk, medan lemma ikkje sjeldan blir avgrensa/presiserte for målspråksbrukarane på skandinavisk. For den islandske brukaren blir dermed metateksten vist på islandsk med presisering av skandinavisk ekvivalent. Eit døme er verbet *greina* som i eine tydinga har fått ekvivalentane 'identifisere' og 'diagnostisere (greina sjúkdóm)'. Avgrensinga



*greina sjúkdóm* ('diagnostisere sjukdom') er i første rekkje mynta på ein islending, for ein kan rekne med at skandinavar vil vite kor tid dei skal bruke *identifisere* og i kva samheng ein brukar *diagnostisere*. Det kan ein ikkje forvente at ein islending har kunnskapar om.

For den skandinaviske brukaren vil metateksten bli presentert på eit skandinavisk språk med avgrensing av eller som kommentar til det islandske lemmaet. Ordet *afasystir* tyder 'syster til bestefar' og blir på norsk og dansk uttrykt med *grandtante*. For å vise at det islandske ordet har ei meir avgrensa tyding enn ekvivalentane på dansk og norsk, som kan vere både 'syster til bestemor' og 'syster til bestefar', må vi for dei danske og norske brukarane tilføre ein parentes framfor ekvivalenten: "(syster til bestefar) grandtante". På svensk må ein til med ei parafraserande forklaring: "syster til morfar eller farfar".

Artikkelen til *góðgæti* (fig. 4) viser også ein av fordelane med det digitale mediet der visse opplysningar blir gjevne om ekvivalentane enten på islandske eller eit av målspåka, alt etter kva portal ein brukar eller kva brukaren sjølv ønskjer.

#### góðgæti no hk

→ BEYGING

góð-gæti

- lækkeri (oftast í fleirtölu), lækkerbiskin
- godbit, snadder, lækkerbiskin
- godbit, snadder, lækkerbiskin
- sòtsaker, godsaker, godis

#### góðgæti sb. neutr.

→ BØJNING

góð-gæti

- lækkeri (især i pluralis), lækkerbiskin
- godbit, snadder, lækkerbiskin
- godbit, snadder, lækkerbiskin
- sòtsaker, godsaker, godis

Figur 4: artikkelen til *góðgæti* i islandske og dansk utgåve

Dei to utgåvene av artikkelen er henta ut frå *islex.hi.is* og *islex.da*, og vi skal fokusere på det som står i parentes bak danske *lækkeri*. Slike diasystematiske markeringar gjev i *ISLEX* opplysningar om det skandinaviske ordet, til dømes om stilnivå, om det er fagspråk, bunde til ulike teksttypar, eller som her, om grammatiske eigenskapar. Det er den islandske brukaren som først og fremst treng denne opplysninga, dei fleste danskar vil vite at *lækkerier* oftast blir brukt i fleirtal. Samstundes kan vi tenkje oss andre brukargrupper det kan vere nyttig for å få denne opplysninga på dansk.

### 4.3 Særspåklege trekk

Den vidare teksten tek i hovudsak føre seg fire aspekt: syntaks, grammatisk kjønn, upersonlege konstruksjonar og passivkonstruksjonar. I nokre tilfelle er

dei særspåraklege trekka knytt til kjeldespråket, i andre til eitt eller fleire av målspårå.

Ordstillinga i dei fire språka er som regel identisk i utsegnsetningar som *það er kalt úti* ('det er kaldt ute'). Ordstillinga mellom anna i leddsetningar med negasjon er lik i dei skandinaviske språka, men ikkje på islandsk. Dette bruksdømet i *ISLEX* er eit døme på det: *hann segir að það sé ekki kalt úti* ('han seier at det ikkje er kaldt ute').

Det er mange nyansar i kjeldespråket som kan vere vanskelege å formidle på målspårå. Eit særspårakleg trekk ved islandsk samanlikna med dei skandinaviske språka, er den samansette morfologien. Eit døme er at 3. person fleirtal av personlege pronomen får ulik form etter kjønn: Er det to eller fleire hankjønn, heiter det *þeir*, to eller fleire hokjønn er *þær* og to eller fleire av begge kjønn er *þau* – og dette er oftast umogleg å få fram i omsetjingane av bruksdøma. Sjølv om det finst slike nyansar i kjeldespråket som vi ikkje får formidla på målspårå, bør ein også vere varsam med å gje for mange opplysningar som kan bli oppfatta som unødige av store brukargrupper. Sjølv sagt er grenseoppgangane uklare for kor tid det er nødvendig med ekstraopplysningar, og det blir forsterka av at ein prøver å leggje til rette for så mange brukargrupper i ei og same ordbok.

Eit anna særtrekk ved kjeldespråket samanlikna med målspårå, er at ein på islandsk brukar mange upersonlege konstruksjonar og passivkonstruksjonar som kan vere utfordrande å finne gode ekvivalentar til på dansk, norsk (ikkje minst på nynorsk) og svensk. Desse trekka finn vi i mange av dei islandske bruksdøma, kollokasjonane og idioma.

#### þar mætast stálin stinn

- ■ nogen sætter hårdt mod hårdt
- ■ der sættes hårdt mod hårdt
- ■ man står stejlt over for hinanden
- ■ <de> setter hardt mot hardt
- ■ <dei> set hardt mot hardt
- ■ de sætter hårt mot hårt

Figur 5: del av artikkelen *stál*

Idiom av typen *þar mætast stálin stinn* (fig. 5), skiftar sjeldan mellom aktiv og passiv (Sköldberg 2004: 247 ff.). For at ein brukar skal kunne bruke idiomatisk direkte i ein given kontekst, kan det vere freistande å gje opp ein mindre idiomatisk frase som *\*der blir hardt sett mot hardt*. For den islandske brukaren er det viktigare å få kjennskap til at ein i dei skandinaviske språka idiomatisk uttrykker dette med aktiv: *å setje hardt mot hardt*. Om ein set ein aktivkonstruksjon

som ekvivalent til den islandske i passiv, må brukaren ofte sjølv vende og vri litt på det. Dansk løyser dette med å både gje opp ei aktiv og ei passiv formulering.

*það kveður við* <*þrúma*>  
 ■■ man hører <tordenen> <rulle>  
 ■■ det tordner  
 ■■■ det tordner, man kan høre <tordenen> <rulle>  
 ■■■ det torar, ein kan høyra <tor> <rulla>  
 ■■ man hör <åskan> <mullra>

Figur 6: del av artikkelen *kveða* (verb)

*Það kveður við* <*þrúma*> (fig. 6) er eit døme på ein upersonleg konstruksjon, i tillegg til at det igjen viser korleis det fakultative leddet styrer omsetjinga. Å omsetje dette bruksdømet med ei formulering med ubestemt pronomen, er stilistisk meir problematisk på norsk enn på svensk og dansk, difor har ein litt ulike løysingar i målspåka. Språklege særdrag i målspåka vil ofte gjere at det blir slik. *Det torar* er det idiomatiske uttrykket på norsk, men det er ikkje stilistisk ekvivalent med *það kveður við þrúma*.

I omsetjingsteorien snakkar ein om kompensering dersom ein erstattar tap av språklege effektar ein stad i teksten ved å plassere tilsvarende effektar ein annan stad. Når målspåksredaksjonane her har lagt til ein ekstra spissparentes (<rulle>/<mullra>), er det mellom anna eit forsøk på å kompensere for tapet av stildrag i omsetjinga av *kveða* til *høyre*, og den kompetente språkbrukaren får også gjeve opp ein kollokasjon han kanskje kan dra nytte av. På den andre sida fortonar islandske vendingar seg i ein del tilfelle som høgstil for skandinavar, ikkje minst på grunn av dei passive og upersonlege konstruksjonane, og då er faren at ein kan gjere dei skandinaviske omsetjingane stivare enn det islandske utgangspunktet skulle tilseie.

## 5. Konklusjon

Den nye, digitale teknikken fører til nye funksjonar, og nye strukturar fører til nye utfordringar. Trass i at ordbøkene i ISLEX-prosjektet har blitt til både for og ved hjelp av den nye teknologien, er det den tradisjonelle leksikografiske tenkjemåten som set rammene for ordbøkene. Målspåksredaksjonane har tenkt og arbeidd med utgangspunkt i klart avgrensa funksjonar: eit kjeldespråk og separate målspåk. På den andre sida kjem dei fleksible måtane å søkje på til å bli utnytta. Når ein kan søkje på ekvivalentane, får ein tilgang til mikrostrukturen

i målspråka. Dei får på den måten funksjon av eit kjeldespråk, og lista ein då får av ekvivalentar, dannar ein falsk makrostruktur.

Målspråksord som ikkje blir aktualiserte i ordboksteksten, kan ein umogleg finne, dei kjem snarare til å glimre med fráværet sitt. Semantisk tunge ord som per i dag manglar i mikrostrukturen, er til dømes *hierarki*. Ord som *konsistens* og *integritet* blir berre delvis handsama. *Identitet* er med i artikkelen til *sjálfsmynd*, men ikkje den tydinga som har med namnet og eventuelt stillinga til ein person å gjere (som i ”kan du bekrefte identiteten din?” eller ”fastslå identiteten til den avlidne”). Også meir talespråksprega ord som *skraphaug* (om bil) og *knupp* (om hjelpsam person) manglar, på lik linje med slanguttrykk som *gäddhäng* (svensk)/*grevinneheng* eller *bingovinger* (norsk)/*mormorarme* (dansk). Prøver ein brukar å søkje på desse meir eller mindre sentrale skandinaviske orda, får han med andre ord 0 treff. Dermed får vi i det nye digitale mediet det vi kan kalle – ikkje lemmalakuner – men *ekvivalentlakuner*. Dette viser at *ISLEX*-ordbøkene ikkje er utvikla som bidireksjonale ordbøker.

Svaret på spørsmålet i overskrifta må bli at *ISLEX* ikkje er ei einspråkleg, men tospråkleg og kanskje fleirspråkleg ordbok. Blant dei ordbøkene som har blitt lanserte i *ISLEX*-prosjektet, finst det framleis ikkje ei einspråkleg, islandsk ordbok; grunnlaget er lagt, men den semantiske beskrivinga er ufullstendig. Det har heller ikkje vore eit mål at *ISLEX* skulle fungere som ei einspråkleg islandsk ordbok. Tydingsinndelinga er delvis motivert ut frå at eit eller fleire av målspråka kan ha trong for det, men ikkje ut frå ein kontrastiv analyse som er det vanlege i tospråkleg leksikografi. Mellom islandsk og dei respektive målspråka kjem dei tospråklege ordbøkene forhåpentlegvis med tid og stunder til å bli kompletterte – med omsyn til fleire av dei funksjonane og finessane som det digitale mediet byr på. Der er vi ikkje heilt enno.

## KJELDER OG LITTERATUR

- Atkins, B. T. Sue, Adam Kilgarriff and Michael Rundell, 2010: Database of ANalysed Texts of English (DANTE): the NEID database project. I: Anne Dykstra & Tanneke Schoonheim (red.): Proceedings of the XIV Euralex International Congress. Ljouwert. S. 549–556.
- Jónsdóttir, Halldóra og Þórdís Úlfarsdóttir, 2008: *ISLEX: Islandsk-skandinavisk webordbok*. I: Rapport från den 9:e konferensen om lexicografi i Norden. Akureyri 2007. S. 197–208.
- Hannesdóttir, Anna Helga, Jón Hilmar Jónsson och Sofia Tingsell, 2010: Mot en begreppsaserad isländsk och svensk fraseologisk ordbok. Reflektioner kring pragmatiska idiom. I: Nordiska studier i lexicografi 10. Rapport från Konferensen om lexicografi i Norden. Tammerfors 2009. S. 140–149.

- Hellerud, Ylva, 2012: Ensam fras söker kontext. Översättarens hantering av språkprov i en tvåspråkig ordbok. I: Nordiska studier i Lexikografi 11. (Skrifter utgivna av Nordiska föreningen för lexikografi 12.) Lund.
- Sigurðardóttir, Aldís, Anna Helga Hannesdóttir, Halldóra Jónsdóttir, Håkan Jansson, Lars Trap-Jensen and Þórdís Úlfarsdóttir, 2008: ISLEX. An Icelandic-Scandinavian Multilingual Online Dictionary. I: Elisenda Bernal and Janet DeCesaris (red.): Proceedings of the XIII Euralex International Congress. Barcelona 2007. S. 779–789.
- Sköldberg, Emma, 2004: Korten på bordet. Innehålls- och uttrycksmässig variation hos svenska idiom. Institutionen för svenska språket, Göteborgs universitet, Göteborg.

### *Nettsider*

- Beygingarlýsing íslensks nútímamáls [Inflectional database of contemporary Icelandic]. Reykjavík: Kristín Bjarnadóttir (red.), Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum. <http://bin.arnastofnun.is> (október 2011)
- ISLEX: Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum 2005–2011. [www.islex.hi.is](http://www.islex.hi.is) (október 2011)
- ISLEX: København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab 2005–2011. [www.islex.da](http://www.islex.da) (október 2011)
- ISLEX: Göteborg: Institutionen för svenska språket, Göteborgs universitet 2005–2011. [www.islex.se](http://www.islex.se) (október 2011)
- ISLEX: Bergen: Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen 2005–2011. [www.islex.no](http://www.islex.no) (október 2011)

### *Margunn Rauset*

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen  
 margunn.rauset@lle.uib.no

### *Anna Helga Hannesdóttir*

Institutionen för svenska språket, Göteborgs universitet  
 anna.hannesdottir@svenska.gu.se

### *Aldís Sigurðardóttir*

Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, København  
 as@dsl.dk